

Den uendelege historia

Den uendelege historia handlar om eventyrlandet Fantásia, der barnekeisarinna styrer. I Fantásia bur det mange forskjellige skapningar. Dei lever fredeleg saman. Men no er det noko som truar dei. Skapningane i landet reiser til barnekeisarinna for å få hjelp.

Alle dyra i Hauleskogen kraup saman i hòlene og reira sine. Det var midnatt, og stormen rasa. Brått feia eit svakt lysskin fram og tilbake på himmelen. Det var ein lyktemann. Lyktemannen var ein liten skapning som verken var hankjønn eller hokjønn. Han hoppa fram og tilbake i sikk-sakk, for han hadde gått seg vill. Til slutt sette lyktemannen seg stille ned og speida ned på ei opning i skogen. Der var det eit leirbål med tre skapningar.

Den første skapningen var ei kjempe, som såg ut som ho var av gråstein. Skapningen var ein av klippebitarane. Dei levde av å ete fjell. Men dei brukte også stein frå fjell til å lage møblar,



sko og andre ting dei trong. Den andre skapningen som sat ved bålet, var ein liten nattalv. Han såg ut som ein larve som står oppreist. Den tredje var ein pusling. Han hadde raud dress og flosshatt. Puslingen rei på ein snigel.

Lyktemannen undra seg over at desse tre forskjellige skapningane sat så fredeleg saman. Det var ikkje vanleg. Men så såg han at alle saman bar på ei kvit fane eller hadde eit kvitt skjerf over brystet. Då tok lyktemannen fram sitt eige kvite skjerf og kom fram frå skjulestaden.

«Er du også send ut?» spurde puslingen. «Ja,» sa lyktemannen. «Eg heiter Blubb. Eg har noko viktig å fortelje barnekeisarinna», heldt han fram. «Eg må fortelje henne at der eg kjem frå, låg det ein gong ein innsjø. Men no ligg det ingenting der. Ikkje eit hol eingong. Det er som om ein er blind når ein ser på det. Og det forsvinn stadig meir av landskapet. Og dette området stråler ut ei uimotståeleg kraft. Mange har hoppa uti med vilje. Vi må be barnekeisarinna om råd. Derfor er eg på veg til henne.»

«Det er heilt tilfeldig at vi møtest her,» sa klippebitaren. «Men vi er alle her for å bringe den same budskapen til barnekeisarinna. Og det vil seie at heile Fantasia er i fare!» Så drog dei alle til barnekeisarinna for å få råd.



Oppgåver:

Sjå Elevbok 6A sidene 98–99.

Gjer oppgåvene 1–8.